

## Notat om avvik og lukking av avvik etter tilsyn av fylkesmannen, Knarvik barneskule.

### Forvaltningskompetanse

#### Funn

Fylkesmannen konkluderer med at det er avvik på visse område. Dette gjeld:

Område	Avvik	tiltak	ansvar	frist
<b>Generelle saksbehandlingsreglar for enkeltvedtak</b>	<p>1 Lindås kommune må syte for at saksbehandlinga ved Knarvik barneskule oppfyller krava i forvaltningslova til førehandsvarsel, jf. forvaltningslova § 16. Lindås kommune må i samband med dette sjå til at:</p> <p>A) Førehandsvarslet gjer greie for kva saka gjeld.</p> <p>B) Førehandsvarselet inneheld opplysningar om</p> <ol style="list-style-type: none"><li>1. kva føresegner i lova vedtaket byggjer på</li><li>2. kva forhold rundt eleven sin skulesituasjon som er grunnlaget for vedtake</li></ol>	<p>Lindås kommune har utarbeidd skriftleg mal for førehandsvarsel, og denne skal nyttast i framtidige saker. Malen stettar formalkrav etter lova.</p>	Kommunalsjef	Ny mal ok. I bruk frå 1.1.17
	<p>2 Lindås kommune må syte for at saksbehandlinga ved Knarvik barneskule oppfyller krava til enkeltvedtak i forvaltningslova, jf. forvaltningslova §§ 25 og 27. Lindås kommune må i samband med dette sjå til at:</p> <p>A) Enkeltvedtaket inneheld informasjon om:</p> <ul style="list-style-type: none"><li>- heimelen for enkeltvedtaket</li><li>- faktiske forhold som er lagde til grunn</li></ul> <p>B) Enkeltvedtaket inneheld informasjon om retten etter forvaltningslova til å sjå saksdokument</p>	<p>Gjeldande mal for enkeltvedtak stettar desse formalkrava. Denne malen skal nyttast i framtidige saker.</p>	Rektor	Frå d.d.

<b>Enkeltvedtak om spesialundervisning</b>	<p>3. Lindås kommune må syte for at Knarvik barneskule ved behov for spesialundervisning oppfyller opplæringslova §§ 5-3 og 5-4, jf. forvaltningslova § 2 og kapittel IV og V.</p> <p>Lindås kommune må i samband med dette sjå til at:</p> <p>a. Enkeltvedtak om spesialundervisning inneheld opplysning om</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Tal på timar med spesialundervisning</li> <li>- Fag/område og om eventuelle avvik frå LK06 i spesialundervisninga</li> <li>- organisering av spesialundervisninga</li> <li>- grunngjeving for eventuelle avvik frå den sakkunnige vurderinga</li> </ul>	<p>Dette er innarbeidd i ny mal for skulane i kommunen. Denne malen skal nyttast ved neste høve.</p> <p>Samarbeid med PPT for å tydeleggjera dette startar i førstkomande ressursteam møte</p>	Rektor	<p>I bruk ved neste høve</p> <p>Frå januar-17</p>
<b>Enkeltvedtak om særskild språkopplæring.</b>	<p>4. Lindås kommune må syte for at Knarvik barn skule ved behov for og stans av behov for særskild språkopplæring oppfyller forvaltningslova § 2 og kapittel IV og V og opplæringslova § 2-8.</p> <p>Lindås kommune må i samband med dette sjå til at:</p> <p>a. Enkeltvedtaket inneheld opplysningar om - tal på timar med særskild språkopplæring - kva for ein læreplan eleven skal følgje - organisering av den særskilde språkopplæringa</p>	<p>Dette er innarbeidd i ny kommunal mal for enkeltvedtak om særskild språkopplæring. Denne skal nyttast ved neste høve.</p> <p>Kompetansetiltak i personalt for å sikre tilstrekkeleg kvalitet i arbeidet blir sett i verk like over nyttår.</p>	Rektor	<p>Frå d.d.</p> <p>Frå januar -17</p>
	<p>Skulen gjer ikkje enkeltvedtak om opphøyr av særskild språkopplæring når eleven startar i den ordinære opplæringa før tidsperioden gjeld for, er utløpt. Dette er ikkje i samsvar med lovkrava.</p>	<p>Dette er innarbeidd som rutine frå 1.12.16. Ny mal for enkeltvedtak knytt til opphøyr av særskild språkopplæring er laga, og skal nyttast ved neste høve.</p>	Rektor	1.12.16.

NB! Skulen vil særleg jobba med temaet «særskild språkopplæring» i halvåret som kjem. Den/dei som driv denne opplæringa vi bli knytt opp mot skulen sitt spes.ped.team. Skulen vil jobba for å bli betre innanfor alle område av denne undervisninga.